

**Fra:** Jeanette Onarheim Syversen (Jeanette.Syversen@vlfk.no)

**Sendt:** 28.09.2020 09:12:44

**Til:** Politisk

**Kopi:**

**Emne:** Spørsmål tidlegare innsendt

**Vedlegg:**

Eg ser at eg har skrive ein feil i spørsmålet mitt. Det skal i denne saka vere «gyteområde for sjøaure» (ikkje fjellaure).

Her er redigert innhald:

Konsesjonsreglane for vindkraft er i hard vind. Den enorme folkelege motstanden imot utbygging av vindturbinar i norsk natur, er ein konsekvens av eit system, som ikkje tar omsyn til naturverdiar eller demokratiske prinsipp. Der frist for utbygging er satt til 01.01.2021, som ved Stadlandet, skjer det no utbyggingar som bokstaveleg talt raserer uerstatteleg kystlynghei og «avbøtande tiltak» er ikkje tilstrekkeleg. NRK har i den spesielle saka vist til korleis energiselskapa har bestilt rapportar som konkluderer med eit heilt anna utfall enn det fylkesmannen sine rapportar gjer. Ser fylkesordførar at kulturlandskap og eldgammal kystlynghei, samt gyteområde for sjøaure, har ei eiga verdi? Er fylkesordførar villig til å reise seg i forsvar av denne verdien, og vil fylkesrådmannen be regjeringa vektlegge fylkesmannen sine rapportar som tydeleg viser til at dei områda som no blir rasert ved Stad, er av svært viktig verdi i eit større klimarekneskap?

Alt godt,

Jeanette Syversen

Gruppeleiar Raudt Vestland

Tlf 95 82 26 61